



# DEN NORSKE KYRKJA

## Lavik Sokneråd

Dalevegen 4  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 10.12.2020

### Møtebok Lavik sokneråd

Møtedato: 30.11.2020

Møtetid: kl. 19:00

Møtestad: Alværa Misjonssenter

### Tilstades:

Katrin B. Ringereide, Tonje Førde Systad, Toril Lange, Rolf Aamot, Geir Sørebo, 1. vara Wenche Liljedal, 2. vara Annbjørg Norevik Kristensen.

### Meldt forfall:

Monica Sunde Tjønnås, Torunn Styve.

Tonje yngste velkommen, og Geir Sørebo heldt ord for dagen der teksten var relatert til 1. søndag i advent.

### Kopi av møteboka går til:

Monica Sunde Tjønnås, Torunn Styve, Maria Z. Espeseth, Hilde Iren Sørebo Bosdal, Terje Båtnes, Olav Hellebo, Bjarne Hellebo, Audun Engedal, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Nesse, Katarina Vattekar, Gerda Otterstein, postmottak Høyanger kommune.

### Sakliste

Godkjenning av innkalling og referat frå siste møte

Innkalling og referat frå møte den 22.10.2020 vart gjennomgått og godkjend u.a.

### Meldingssaker

#### 010/2020 SIDAN SIST:

#### Vedr.: Budsjetten til HKF og betaling til Soknerådet.

Kyrkjevevje si saksutgreiing vart gjennomgått mtp lønnsutgifter som ikkje har vore justert på 15 år, og overføring av økonomiske midlar til dei forskjellige sokna. Dette er ei sak på HKF sitt møte på onsdag 03.12.20. I samband med gjennomgangen av kyrkjevevje si saksutgreiing kom det forslag om: Det bør bli teke ein gjennomgang på stillinga som er blitt redusert på grunn av antal tenester som har gått ned i nokon av kyrkjene, samt sjå på lønnsvekst sidan 2006.

#### Vedr.: Lys ved kyrkje

Det blei informert om tilbakemelding frå kyrkjevevje at det kunne monterast lys på stolpen som står oppe i bakken mot hovudvegen. Som tidlegare nemnt i førre referat, var ikkje veggen opp til hovudvegen så prekær. Ynskje frå Lavik Sokneråd var å få lys på parkeringsplassen (trafikkøya) og ved dei opphøgde «fortaua, dette for å førebyggje evt. fall, snubling og personskafer som igjen kan føre til erstatningssøksmål»

#### Vedr.: Lyd og høgtalaranlegg i kyrkja.

Ferjene hadde ikkje hatt innverknad på lydanlegget. No hadde det vore reparatør frå firmaet i Høyanger som konstaterte feil på anlegget. Ny miksepult er montert. Det er også moglegheiter for å kople til telefon og minnebrikker med USB-kabel til lydanlegget. Dei 2 trådlause mikrofonane som er bestilt, er ikkje komne enno. Soknerådet i Lavik går ut frå at Fellesrådet tek utgiftene relatert til lydanlegget.

## **Vedr.: Benkane som treng oppussing.**

Dette vil det no bli gjort noko med.

- **Vedr.: Born, dårleg økonomi og deltaking i aktivitetar.**  
Dette er det no gripe tak i, og vil bli gjort noko med.
- Det har vore gjennomført minnegudsteneste med godt framme, og er gjennomført etter gjeldande smittevernsreglar. ***Problemet med smitte som kan oppstå er når folk reiser seg samtidig for å forlate kyrkja. Her kom det forslag om at det bør opplysast om at dei som sit nærmast døra går først ut.***
- To barnedåpar på ei fin gudsteneste 8. november.
- Ei gravferd som blei gjennomført på engelsk og streama til India.
- Bebuarane på helsesenteret etterlyste presten, han har vore sakna no i Corona-19-tida, og det var stort ynskje om at han kom tilbake for samtalar og andakt. Sidan dette no var godkjent av einingsleiar Open Omsorg mtp smitterestriksjonar, skulle han prøve å få gjort det så fort som mogeleg.
- På fredag 27.11., blei det på kyrkjekontoret gjennomført ein vellukka og koseleg juleverkstad for dei større barna, frå 5 klasse og oppover.
- Mat og prat den 11.11.20 blei avlyst iht Coronarestriksjoner, der Erna Solberg bad om at alle måtte halde seg mest mogeleg heime.

## **011/2020 GUDSTENESTEPLAN FRÅ JANUAR 2021**

Plan for gudsteneste frå desember 2020 til påske 2021 blei gjennomgått utan merknad.

Det vart bestemt takkoffer, kyrkjevertoppgåver til og med 10. jan 2020.

Denne vil sjølv sagt bli revurdert etter kvart og etter behov.

Alle på møtet fekk utdelt kopier.

## **012/2020 ÅRSJUL FOR VINTER 2021**

Planen for årshjulet per 30. nov. 2020 blei gjennomgått utan merknad

Denne blir revurdert fortløpande ut frå gjeldande smittevernsreglar.

## **Vedtaksaker**

### **22/2020 Søknad om løyving til digital satsing på nett i advents og juletida.**

**Vedtak:** Lavik synes det er eit godt tiltak med digital gudsteneste som ekstra tiltak, og støttar at det vert søkt via fellesrådet om midlar til digital satsing på nett i advents og juletida, som julegudsteneste og filming av julespelet. Opptaka vil bli gjort av eit innleigd firma.

### **23/2020 Høyanger Bedehus**

#### **Vedtak:**

1. Lavik sokneråd meiner at Høyanger kyrkjelege fellesråd ikkje bør overta Høyanger bedehus, eller dei økonomiske forplikting i høve drifta av bedehuset.
2. Om Høyanger sokneråd vil overta Høyanger bedehus og stå som eigar og vere ansvarlig for drift og vedlikehald, er heilt opp til eit fleirtal i Høyanger sokneråd å ta stilling til.
3. I større saker kan det vere nyttig for eit sokneråd å rådføre seg med soknemøte. I eit soknemøte der dei av kyrkja sine medlemmer som er busett i soknet og som har tale og stemmerett. Soknerådet er ikkje bunde av eit fleitalsvedtak på soknemøtet.
4. Kyrkjeverja kan, i den grad det kan prioriterast innafor hans arbeidstid, vere rådgivar for soknet, slik det skjer i høve til mange andre utfordringar som sokna har.

**Soknerådet i Lavik ynskjer soknerådet i Høyanger lukke til!**

## **024/2020 Spørsmål om samarbeid med Sjømannskyrkje-ambassadør**

**Vedtak:** Soknerådsleiar gir tilbakemelding på eposten til ambassadøren i ovannemnde, om at vi kan gjerne ta imot brosjyrar for sjømannskyrkja. I dei gudstenestene der det blir teke opp takkeoffer til Sjømannskyrkja, vil brosjyrane bli lagt fram slik at dei som ynskjer meir informasjon kan ta med seg.

## **25/2020 Spørsmål om samarbeid ift. Søndagskulen**

**Vedtak:** Soknerådsleiar gir tilbakemelding på eposten til søndagsskolekonsulenten, Bergen krets SØNDAGSKOLEN NORGE om at vi i Lavik sokneråd i samarbeid med kyrkja driv og har eit godt tilbud av aktivitetar til barn og unge i soknet.

## **26/2020 Julegudsteneste 2020 med korona-restriksjonar.**

**Vedtak:** Julegudstenesta vil bli gjennomført som planlagt, men med påmelding ettersom dei kan gjennomførast med 50 personar + dei tilsette. Julegudstenesta vil bli annonsert med informasjon om påmelding i Ytre Sogn og Firda. Dette for at dei som ikkje er på digitale plattformer også skal få informasjon. Utover dette vil det bli lagt ut på Facebook og andre digitale sider, i tillegg vil det sett opp plakatar.

Ynskje er å få gjennomført gudstenesta rundt julespelet som har vore gjennomført tidligare, men då må deltakarane i julespelet bli talde med dei øvrige kyrkjedeltakarane som melder seg på til gudsteneste julaftan. Dvs. dei 50 personane skal vere inkl. dei som er deltakarar i julespelet. Ein ventar ei veke før det blir annonsert noko rundt julegudstenesta. Mtp. påmeldinga, så er det først til mølla prinsippet som gjeld. Påmeldinga skjer til Rolf Aamot. Planen er å få lagt ut den digitale julegudstenesta som eit supplement til gudstenesta i kyrkja.

## **027/2020 Ny dato for mat og prat.**

**Vedtak:** Den nye datoen blir den 20.01.2021 kl. 19.00 på Alværa Misjonssenter. Alle oppgåvene som blei fordelte til den 11.11.20 står ved lag.

## **028/2020 Val av leiar og nestleiar.**

**Vedtak:** Toril Lange blei einstemmig valt som ny leiar i Lavik sokneråd.  
Tonje Førde Systad blei einstemmig valt som nestleiar.

## **029/2020 Båre/senketau eller senkeapparat ved båresenking.**

**Vedtak:** Det blei gjort vedtak om at ein ved Lavik kyrkje no vil legge til rette for at det kan brukast båretau ved senking av kister i gravferder. Dette fordi det er ein mykje tryggare måte å få senke kistene på, kontra senkeapparat. Med senkeapparat har det til tider vore nokre tekniske problem som nære på kunne ha ført til triste og uheldige situasjonar. Båretau er kraftige og sterke, og kan kjøpast ferdige frå spesialleverandør. Pårørande bør bli informert om tilbodet.

### **Ymse:**

Det er viktig å ha diverse utstyr i kyrkja til gravferder, slik at pårørande kan sleppe å bli belasta ekstra og unødvendige utgifter frå gravferdsbyråa.

**Prestesituasjonen:** Frå 01.12.20 til 01.05.2021 har Geir Sørebo inngått ein ny arbeidsavtale på 100%. Han skal då arbeide som prest i Lavik og på Sørsida, samt ei helg i månaden i Jølster.

**Neste møte blir 11.01.2021 kl 19.00 på Alværa Misjonssenter.**

Lavik /Norevik 02.12.2020

Ref. Annbjørg N. Kristensen